



Innst. S. nr. 99

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen

St.prp. nr. 25 (2008–2009)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2008 under Barne- og likestillingsdepartementet

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Kap. 840 Krisetiltak

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Utgiftene under posten i 2008 er rekna til 2,645 mill. kroner mindre enn løvinga på 25,496 mill. kroner.

Kap. 840 post 21 nyttast mellom anna til finansiering av tiltak i regjeringa sine handlingsplanar mot kjønnslemlesting, tvangsekteskap, vald i nære relasjonar og menneskehandel og andre valdsførebyggjande tiltak.

Mindrebehovet under posten vert foreslått nyitta til å dekkje følgjande meirbehov under andre postar:

- 0,545 mill. kroner under kap. 841 post 22
- 1,6 mill. kroner under kap. 846 post 79

Departementet foreslår vidare å flytte 0,5 mill. kroner til Arbeids- og inkluderingsdepartementets kap. 690 post 71 til informasjonsarbeid som Utledningsdirektoratet driv om tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

Departementet foreslår å setje ned løvinga under kap. 840 post 21 med 2,645 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til krisesenter, overslagsløyving

Utgiftene til krisesentra i 2008 er rekna til om lag 6,3 mill. kroner meir enn løvinga i saldert budsjett på 154,966 mill. kroner.

Det har vore ein årleg vekst i tilskotsutbetaliniane til krisesentra sidan den nye finansieringsmellen vart sett i verk frå 1. januar 2005. Alle søkerane for 2008 er mottekte av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Direktoratet har i år gjennomført ei analyse av kostnadsveksten for krisesentra, som syner at hovudårsakene til auka kostnader har vore fleire faste stillingar, lønnsvekst, pensjonsordningar og husleige.

Departementet foreslår å auke løvinga under kap. 840 post 60 med 6,3 mill. kroner.

Kap. 841 Samlivsbrot og konfliktløysing

Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving

Utgiftene til meklarar utanfor familievernet i 2008 er rekna til å verte 4,3 mill. kroner mindre enn løvinga i saldert budsjett på 14,216 mill. kroner.

Meklingsordninga vart lagt om frå 1. januar 2007. Medan det tidlegare var tre timars obligatorisk mekling, er det no ein time, men mogeleg å få sju timars mekling for dei para som ønskjer det. Vidare er det innført obligatorisk mekling for sambuarar med felles barn under 16 år, noko som medfører ein auke i talet på meklingar. Samla sett har dette likevel ført til ein nedgang i talet på meklingstimar. Samtidig tar familievernet ein noko større del av meklingane, som fører til at færre meklingar vert utført av dei eksterne meklarane.

I 2007 var utbetalingane til meklarar utanom familievernet på 11,6 mill. kroner, om lag 2 mill. kroner mindre enn budsjettet. Tala hittil i 2008 tyder på

ein ytterlegare reduksjon i utbetalingane til 9,9 mill. kroner.

Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 840 post 60 med 4,3 mill. kroner.

Post 22 Opplæring, forsking, utvikling mv.

Utgiftene på posten i 2008 er rekna til 6,405 mill. kroner.

Utgiftsutviklinga tyder på eit meirbehov på 0,545 mill. kroner mellom anna som følgje av at utgifter til tilsyn under samvær har vist seg å bli høgare enn budsjettet. Dette gjeld godtgjering til einskildpersonar som blir oppnemnde som tilsynsperson for vern av barn under samvær, jf. barnelova § 43.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 841 post 22 med 0,545 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon for kap. 80 post 21.

Kap. 844 Kontantstøtte

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utgiftene til kontantstøtte i 2008 er rekna til 1 685 mill. kroner, som er 15 mill. kroner meir enn løyvinga i revidert budsjett.

Meirbehovet kjem av færre nye barn med heilddsplash i barnehage enn måltalet for 2008, og fleire barn i aldersgruppa enn lagt til grunn for løyvinga i revidert budsjett.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 844 post 70 med 15 mill. kroner.

Kap. 845 Barnetrygd

Post 70 Tilskot

Utgiftene til barnetrygd i 2008 er rekna til 14 530 mill. kroner, som er 50 mill. kroner meir enn løyvinga i revidert budsjett.

Meirbehovet kjem i hovudsak av etterbetalingar til EØS-borgarar med arbeid i Noreg.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 845 post 70 med 50 mill. kroner.

Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd

Post 79 Tilskot til internasjonalt arbeid, kan overførast

Utgiftene under posten i 2008 er rekna til 5,97 mill. kroner. Dette er 1,6 mill. kroner meir enn løyvinga i revidert budsjett på 4,37 mill. kroner.

Meirbehovet knyter seg til det fleirårige EU-programmet PROGRESS (2007–2013), som er eit ledd i EUs politikk for sysselsetjing og EUs sosialpolitikk, og arbeid mot diskriminering. Departementet overtok frå 1. januar 2008 ansvaret for antidiskrimineringsdelen under PROGRESS.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 846 post 79 med 1,6 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon i kap. 840 post 21.

Kap. 852 Adopsjonsstønad

Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn fra utlandet, overslagsløyving

Tildelt budsjett for 2008 på kapittelet er 26,456 mill. kroner. Talet på adopsjonar er lågare enn tidlegare lagt til grunn. Dette kjem av at land som Kina, Sør-Korea og Colombia no får langt fleire adopsjonsøknadar frå andre land, samtidig som fleire barn blir adopterte innanlands. Dermed blir færre barn tilgjengelege for adopsjon av norske foreldre. Ein reknar med at talet på adopsjonar det skal utbetalast adopsjonsstøtte til blir redusert til ca. 350 i 2008, frå 420 året før.

Departementet foreslår at kap. 852 post 70 blir redusert med 13,044 mill. kroner.

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

Post 1 Driftsutgifter – Fylkesnemndene for sosiale saker

Det vil bli eit mindreforbruk på budsjettet for Fylkesnemndene for sosiale saker i 2008. Årsakene til mindreforbruket er mellom anna endringane som vart innførte 1. januar 2007, som inneber at nemnda som hovudregel skal bestå av tre medlemmer og ikkje fem som var tilfellet før 2007. Endringane har redusert kostnadene per sak. Vidare har nyttilsetjingar i 2008 tatt lenger tid enn det ein reknar med.

Departementet foreslår å redusere kap. 854 post 1 med 3,5 mill kroner som delvis inndeckning for meirforbruket under kap. 855 post 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under kap. 830 post 21

Barne, ungdoms- og familieliderekatet er i 2008 tildelt 14,9 mill. kroner i prosjektmidlar frå kap. 854 post 71 knytt til prosjekta Barn av rusmisbrukarar og psykisk sjuke og Styrka innsats mot fattigdom blant barn, unge og familiær tilknytt barnvernet. Departementet foreslår at midla som er knytt til lønns- og driftsmidlar blir flytta til post 21 under same kapittel.

Departementet foreslår at kap. 854 post 21 blir auka med 5,9 mill. kroner.

Post 64 Tilskot ved buseting av einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar, overslagsløyving

Posten dekkjer det særskilte tilskotet som vert utbetal til kommunane når einslege, mindreårige flyktningar og asylsøkjarar vert busette. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet ventar lågare utbetalinger

på posten enn budsjettet. Dette kjem av at ein ventar ein reduksjon i talet på einslige, mindreårige asylsøkjarar som allereie inngår i ordninga.

Departementet foreslår at løyvinga på kap 854 post 64 blir redusert med 18,236 mill. kroner.

Post 65 Refusjon av kommunale utgifter til tiltak i barnevernet knytt til einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar, overslagsløying

Løyvinga dekkjer statsrefusjon for kommunale utgifter til barneverntiltak knytt til denne gruppa barn. Prognosar per andre tertial tilseier samla utgifter på posten i 2008 på 211,7 mill. kroner. Dette er en auke på 37,2 mill. kroner frå 2007.

Departementet foreslår at kap. 854 post 65 blir auka med 35,081 mill. kroner.

Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid mv., kan nyttast under post 50

Barne, ungdoms- og familiedirektoratet er i 2008 tildelt 14,9 mill. kroner i prosjektmidlar frå kap. 854 post 71 knytt til prosjekta Barn av rusmisbrukarar og psykisk sjuke og Styrka innsats mot fattigdom blant barn, unge og familiær tilknytt barnvernet.

Deler av tildelinga dekkjer utgifter til drift av prosjekta, som lønnsutgifter til seks stillingar i regionane og direktoratet, og reise og oppholdsutgifter i samband med oppfølging av pilotkommunane. Resten av midla blir utbetalte til kommunane som tilskot. Departementet foreslår at 5,9 mill. kroner som er knytte til lønns- og driftsmidlar blir flytta frå kap. 854 post 71 til kap. 854 post 21.

Departementet foreslår kap. 854 post 71 blir redusert med 5,9 mill. kroner.

Kap. 855 Statleg forvalting av barnevernet

Barne, ungdoms- og familiedirektoratets prognosar per 2. tertial 2008 viser at etaten ventar eit meirforbruk i driftsutgiftene for 2008.

Etaten har sett i gang fleire tiltak for å redusere meirforbruket, mellom anna reduksjon i driftsmidlar til regionkontora, nytt turnussystem og utsetjing av nyttilsettingar. Det er lagt vekt på å oppretthalde eit godt tilbod til barna. Tiltaka vil ikkje gje store nok innsparinger. Det ventast eit meirbehov på netto 90,1 mill. kroner i 2008. Dette fordeler seg med ei netto auke på utgiftssida på 57,7 mill. kroner, og ein reduksjon på inntektssida på 32,4 mill. kroner. Departementet foreslår å finansiere deler av bruttobehovet frå postar på kapittelet. I tillegg blir det foreslått å redusere kap. 854 post 1 med 3,5 mill. kroner som delvis inndeckning av meirbehovet.

Post 1 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22 og post 60

Departementet ventar eit meirbehov på posten på 41,8 mill. kroner. Talet byggjer på rapportering frå Barne-, ungdoms- og familieetaten for 2. tertial 2008.

Departementet foreslår at kap. 855 post 1 blir auka med 41,8 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Departementet foreslår å redusere kap. 855 post 21 med 7,8 mill. kroner ved å utsetje FoU-prosjekt i 2008 mot tilsvarende auke på kap. 855 post 1.

Post 22 Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 1

Riksrevisjonen peikar i sin reknesaksrevisjon for 2007 på at Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet hadde ei leverandørgjeld som er forfalle til betaling i 2007, men belasta i 2008. Direktoratet har no utarbeidd rutinar som sikrar at utbetalingar som skal belastast inneverande års rekneskap blir gjennomført før året er omme. Som følgje av omlegging av rutinane, vil det i 2008 vere ei ekstra utgift på posten. Desse ekstra utgiftene har ein tidlegare ikkje rekna med i budsjettet. Etter omlegginga av rutinane i etaten, har ein rekna ut eit meirbehov på 54,2 mill kroner i 2008.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 855 post 22 med 54,2 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Departementet foreslår å redusere kap. 855 post 45 med 30,5 mill. kroner ved å utsetje planlagte investeringar som ikkje er strengt nødvendige i 2008 mot tilsvarende auke på kap. 855 post 1.

Departementet foreslår å redusere posten med 30,5 mill. kroner.

Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Post 22 Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar

Barne, ungdoms- og familiedirektoratet er tildelt 20,3 mill. kroner i 2008 til dekning av reguleringspremie for tidlegare tilsette i fylkeskommunane. Reguleringspremien er avhengig av lønns- og trygdeoppgjøret dei enkelte åra. Samla premiebeløp, inkludert arbeidsgivaravgift, vil for 2008 vere 29,7 mill. kroner. Departementet foreslår difor at kap. 858 post 22 blir auka med 9,4 mill. kroner.

Kap. 2530 Foreldrepengar

Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2008 er rekna til 11 485 mill. kroner. Dette er 441 mill. kroner meir enn løyvinga i revidert budsjett.

Meirbehovet på 441 mill. kroner kjem mellom anna av eit høgare overslag på fødslar og endra føresetnad om lønnsvekst frå 2007 til 2008 i høve til føresetnadane i revidert budsjett.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 2350 post 70 med 441 mill. kroner.

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving

Utgiftene til eingongsstønad i 2008 er rekna til 390 mill. kroner. Dette er 10 mill. kroner meir enn løyvinga i revidert budsjett.

Meirbehovet kjem av at ein ventar eit høgare tal på kvinner med eingongsstønad enn lagt til grunn i revidert budsjett, jf. post 70.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 2350 post 71 med 10 mill. kroner.

Post 72 Feriepengar ved foreldrepengar, overslagsløyving

Utgiftene til feriepengar i 2008 er rekna til 315 mill. kroner. Dette er 5 mill. kroner meir enn løyvinga i saldert budsjett.

Utbetalingane av feriepengar av foreldrepengar i år avheng av bokførte utgifter under post 70 i 2007. Rekneskapet synar at dei faktiske utgiftene var høgare enn dei budsjetterte.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 2350 post 72 med 5 mill. kroner.

Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving

Utgiftene til feriepengar i 2008 er rekna til 85 mill. kroner. Dette er 31 mill. kroner mindre enn løyvinga i saldert budsjett.

Nedgangen i utbetalingane av foreldrepengar ved adopsjon kjem av færre kvinner med adopsjonspengar enn ein gjekk ut i frå i løyvinga i saldert budsjett. Dette kjem først og fremst av at færre barn er tilgjengelege for adopsjon frå utlandet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 2350 post 73 med 31 mill. kroner.

Kap. 3854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

Post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter knytt til mottak av asylsøkjarar og flyktningar kan, etter statistikkdirektivet til OECD/DAC (Development Assistance Com-

mitee), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Prognosar per 1. oktober 2008 frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet viser at ein ventar ein auke i talet på nye, einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar som kjem til landet.

Departementet foreslår derfor at løyvinga blir auka med 1,161 mill. kroner.

Kap. 3855 Statleg forvalting av barnevernet

Post 1 Diverse inntekter

Posten omfattar i all hovudsak refusjonar for utlegg til ulike prosjekt og tiltak. Inntektskravet for 2008 er 38,860 mill. kroner. Venta inntekter for 2008 er 21,1 mill. kroner, noe som er 17,8 mill. kroner lågare enn inntektskravet.

Departementet foreslår at kap. 3855 post 1 blir redusert med 17,8 mill. kroner

Post 3 Refusjon for einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar

Posten omfattar refusjonar for utgifter for einslege, mindreårige flyktningar og asylsøkjarar som er busette i kommunane og plasserte i statlege eller private institusjonar utover den kommunale eigendelen. Det har vore ein auke i talet på barn og unge som etaten mottekk refusjon for. I 2007 mottok etaten refusjon for 47 barn. Prognos for 2008 tilseier 65 barn. I 2008 ventar ein inntekter 78,3 mill. kroner, som er 18,2 mill. kroner høgare enn budsjett.

Departementet foreslår at kap. 3855 post 3 blir auka med 18,2 mill. kroner.

Post 60 Kommunale eigendelar

Posten inneholder kommunale eigendelar til opphold i barnevernsinstitusjonar og fosterheimar og tiltak i heimen.

Som følgje av lågare klientvekst enn lagt til grunn i budsjettet for 2008, foreslår departementet at kap. 3855 post 60 vert sett ned med 32,8 mill. kroner.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunn Karin Gjul, Britt Hildeng, Synnøve Brenden Klemetrud og Tove Karoline Knutsen, fra Fremskrittspartiet, Knut Gjerde og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Olemic Thommessen, fra Sosialistisk Venstreparti, May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, lederen May-Helen Molvær Grimstad, fra Senterpartiet, Magnhild Eia, og fra Venstre, Trine Skei Grande, har merket seg at departementet foreslår å redusere bevilgningen under kap. 840 post 21 med 2,645 mill. kroner fordi

utgiftene under posten er mindre enn forutsatt. Komiteen merker seg at midlene foreslås benyttet under kap. 841 post 22 og kap. 846 post 79, samt at 0,5 mill. kroner foreslås flyttet til Arbeids- og inkluderingsdepartementets kap. 690 post 71 til informasjonsarbeid som UDI driver om tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Komiteen støtter dette.

Komiteen har merket seg at kostnadsveksten for krisesentrene skyldes flere faste stillinger, lønnsvekst, pensjonsordninger og husleie. Komiteen merker seg videre at departementet foreslår å øke bevilgningen under kap. 840 post 60 med 6,3 mill. kroner. Komiteen støtter dette.

Kap. 841 Samlivsbrudd og konfliktløsning

Komiteen viser til at meklingsordningen ble lagt om fra 1. januar 2007. Mens det tidligere var tre timers obligatorisk mekling, er det nå én time, men mulig å få sju timers mekling for de parene som ønsker det. Videre er det innført obligatorisk mekling for samboere med felles barn under 16 år, noe som medfører en økning i antall meklinger. Samlet sett har dette likevel ført til en nedgang i det totale antallet meklingstimer. Samtidig tar familievernet en noe større del av meklingene som fører til at færre meklinger utføres av de eksterne meklerne. Komiteen viser til at departementet foreslår å redusere bevilgningen under kap. 841 post 21 med 4,3 mill. kroner.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre har merket seg at familievernkontorene har hatt større pågang enn ventet på meklingsområdet og mener derfor at disse burde fått tilført større ressurser. Disse medlemmer viser til at kuttene på post 21 delvis begrunnes med at familievernet tar en større del av meklingene enn forutsatt. Disse medlemmer mener det ville vært naturlig at en tilsvarende økning ble overført til familievernet.

Komiteen viser til at meklingsordningen skal evalueres i 2009. Komiteen ser frem til orientering om resultatene av evalueringen.

Komiteen viser til at departementet foreslår å øke bevilgningen under kap. 841 post 22 med 0,545 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon for kap. 840 post 21. Komiteen støtter dette.

Kap. 844 Kontantstøtte

Komiteen viser til at utgiftene til kontantstøtte i 2008 er 15 mill. kroner mer enn forutsatt i revidert budsjett for 2008. Komiteen viser til at Regjerin-

gen foreslår å øke bevilgningen til kontantstøtte og støtter dette.

Kap. 845 Barnetrygd

Komiteen viser til og støtter departementets forslag om å øke bevilgningen til barnetrygd med 50 mill. kroner. Komiteen har merket seg at merbehovet skyldes etterbetaling til EØS-borgere med arbeid i Norge.

Kap. 846 Forsknings- og utredningsvirksomhet

Komiteen har merket seg at departementet foreslår å øke bevilgningen under kap. 846 post 79 med 1,6 mill. kroner og at økningen foreslås dekket inn med en tilsvarende reduksjon i kap. 840 post 21. Komiteen støtter dette. Komiteen har merket seg at merbehovet knytter seg til at departementet fra 1. januar 2008 overtok ansvaret for antidiskrimineringsdelen under EU-programmet PROGRESS (2007–2013), som er et ledd i EUs politikk for sysselsetting og EUs sosialpolitikk og arbeid mot diskriminering.

Kap. 852 Adopsjonsstønad

Komiteen har merket seg at departementet antar at det vil bli tildelt stønad til om lag 350 adopsjoner i 2008. Komiteen har merket seg at departementet foreslår å redusere bevilgningen til adopsjonsstønad med 13,044 mill. kroner.

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

Komiteen støtter departementets forslag og har ingen ytterligere merknader.

Kap. 855 Statlig forvaltning av barnevernet

Komiteen viser til at Barne-, ungdoms- og familieliderekatets prognosør viser at etaten venter et merforbruk i driftsutgiftene for 2008. Komiteen vil videre vise til at etaten har satt i gang flere tiltak for å redusere merforbruket, men at tiltakene ikke vil gi store nok innsparinger. Komiteen viser til departementets forslag og støtter disse.

Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familieliderekatet

Komiteen støtter departementets forslag og har ingen ytterligere merknader.

Kap. 2530 Foreldrepenge

Komiteen støtter departementets forslag og har ingen ytterligere merknader.

Kap. 3854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

Komiteen støtter departementets forslag og har ingen ytterligere merknader.

Kap. 3855 Statlig forvaltning av barnevernet

Komiteen støtter departementets forslag og har ingen ytterligere merknader.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgende endringer:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|----------|------|---|------------|
| Utgifter | | | |
| 840 | | Krisetiltak | |
| 21 | | Spesielle driftsutgifter, vert redusert med frå kr 25 496 000 til kr 22 851 000 | 2 645 000 |
| 60 | | Tilskot til krisesenter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 154 966 000 til kr 161 266 000 | 6 300 000 |
| 841 | | Samlivsbrudd og konfliktløsning | |
| 21 | | Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjerdelse, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 14 216 000 til kr 9 916 000 | 4 300 000 |
| 22 | | Opplæring, forsking, utvikling mv., vert auka med frå kr 5 860 000 til kr 6 405 000 | 545 000 |
| 844 | | Kontantstøtte | |
| 70 | | Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 1 670 000 000 til kr 1 685 000 000 | 15 000 000 |
| 845 | | Barnetrygd | |
| 70 | | Tilskot, vert auka med frå kr 14 480 000 000 til kr 14 530 000 000 | 50 000 000 |
| 846 | | Forskings- og utredningsverksemd | |
| 79 | | Tilskot til internasjonalt arbeid, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 4 370 000 til kr 5 970 000 | 1 600 000 |
| 852 | | Adopsjonsstøtte | |
| 70 | | Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 26 456 000 til kr 13 412 000 | 13 044 000 |
| 854 | | Tiltak i barne- og ungdomsvernet | |
| 1 | | Driftsutgifter - Fylkesnemndene for sosiale saker, vert redusert med frå kr 109 711 000 til kr 106 211 000 | 3 500 000 |
| 21 | | Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 830 post 21</i> , vert auka med frå kr 37 683 000 til kr 43 583 000 | 5 900 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|-----------|------|---|-------------|
| | 64 | Tilskot ved busetjing av einslege mindreårige asylsøkarar og flyktingar, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med | 18 236 000 |
| | | frå kr 112 608 000 til kr 94 372 000 | |
| | 65 | Refusjon av kommunale utgifter til tiltak i barnevernet knytt til einslege mindreårige asylsøkarar og flyktingar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 35 081 000 |
| | | frå kr 176 619 000 til kr 211 700 000 | |
| | 71 | Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 50</i> , vert redusert med | 5 900 000 |
| | | frå kr 62 701 000 til kr 56 801 000 | |
| 855 | | Statleg forvalting av barnevernet | |
| | 1 | Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i> , vert auka med | 41 800 000 |
| | | frå kr 2 812 788 000 til kr 2 854 588 000 | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert redusert med | 7 800 000 |
| | | frå kr 57 708 000 til kr 49 908 000 | |
| | 22 | Kjøp av private barneverntenester, <i>kan nyttast under post 1</i> , vert auka med | 54 200 000 |
| | | frå kr 1 381 655 000 til kr 1 435 855 000 | |
| | 45 | Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med | 30 500 000 |
| | | frå kr 60 795 000 til kr 30 295 000 | |
| 858 | | Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet | |
| | 22 | Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar, vert auka med | 9 400 000 |
| | | frå kr 20 300 000 til kr 29 700 000 | |
| 2530 | | Foreldrepengar | |
| | 70 | Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 441 000 000 |
| | | frå kr 11 044 000 000 til kr 11 485 000 000 | |
| | 71 | Engongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 10 000 000 |
| | | frå kr 380 000 000 til kr 390 000 000 | |
| | 72 | Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 5 000 000 |
| | | frå kr 310 000 000 til kr 315 000 000 | |
| | 73 | Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med | 31 000 000 |
| | | frå kr 116 000 000 til kr 85 000 000 | |
| Inntekter | | | |
| 3854 | | Tiltak i barne- og ungdomsvernet | |
| | 4 | Refusjon av ODA-godkjende utgifter, vert auka med | 1 161 000 |
| | | frå kr 13 743 000 til kr 14 904 000 | |
| 3855 | | Statleg forvaltning av barnevernet | |
| | 1 | Diverse inntekter, vert redusert med | 17 800 000 |
| | | frå kr 38 860 000 til kr 21 060 000 | |
| | 3 | Refusjon for einslege mindreårige asylsøkarar og flyktingar, vert auka med | 18 200 000 |
| | | frå kr 60 145 000 til kr 78 345 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-------------------|
| 60 | | Kommunale eigenandelar, vert redusert med frå kr 800 167 000 til kr 767 367 000 | <u>32 800 000</u> |

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 8. desember 2008

May-Helen Molvær Grimstad

leder og ordfører

Vedlegg**Brev fra Barne- og likestillingsdepartementet v/statsråden til familie- og kulturkomiteen,
datert 28. november 2008****St.prp. nr. 25 (2008-2009) - Om endringer i stats-
budsjettet for 2008 – Svar på spørsmål vedrø-
rende kutt til eksterne meglere i familievernet**

Jeg viser til følgende spørsmål fra familie- og kulturkomiteen av 24. november.

"Under kapittel 841 post 21 begrunnes kutt til eksterne meglere delvis med at familievernet tar en noe større del av meglingene enn forutsatt. Departementet foreslår kutt på denne posten, men det foreslås ingen tilsvarende økning i familievernet, på tross av økte oppgaver og klare meldinger om merbehov. Hvorfor foreslås ikke en økning til familievernet i 2008?"

Mekling etter ekteskapsloven og barneloven er én av familievernets lovpålagte oppgaver og en viktig del av tjenestens ordinære virksomhet. Familie-

vernet får ikke øremerkede midler til denne oppgaven. Økning eller reduksjon i antall meklinger i familievernet fører dermed ikke til en automatisk endring av bevilgningene til tjenesten.

En del av meklingene (om lag 34 prosent i 2007) foretas av eksterne meklere, for eksempel advokater, prester og psykologer. Disse får utbetalt salær fra kap. 841 post 21. Barne-, ungdoms- og familieetaten foretar utbetalingen.

Forslaget om reduksjon av bevilgningen på kap. 841 post 21 er begrunnet med to forhold; det er en nedgang i tallet på meklingstimer totalt og familievernet tar en noe større andel av meklingene. Forslaget om å redusere bevilgningen er basert på opplysninger fra Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet.

